

# RADØY *nytt*



Bygdeboka

*"Radøy gjennom tidene"*

Bind II

*Alle ønsker alle  
ei fredfull Julehøgtid  
og eit Godt Nyttår!*

Økonomi .....	Side 3
Kultur og fritid .....	Side 6
Born og ungdom .....	Side 9
Helse og omsorg.....	Side 10



**RADØY**  
den grønne øya

# RADØY *nytt*

vert utgjeven av Radøy kommune.

Hovudansvarleg for innhald:  
Rådmann Christian Fotland

Redaktør:  
Kulturkonsulent Rune Rydland

Redaksjonskomite:  
Ass. rådmann Leif Taule  
Rådgjevar skule og oppvekst Helge Vallestad

Layout og sats:  
Konvoi AS

Trykk:  
Trykk-Service - 5914 Isdalstø



## Kommune- rosa



### Harald Jordal

Sidan Harald Jordal kom til Radøy ungdomsskule hausten 1966, har han stått på for skulen og for kommunen. Han har alltid vore til stades for elevane og for dei til-

sette og sett sitt gode preg på miljøet ved ungdomsskulen.

I tillegg har han opp gjennom åra engasjert seg mykje i frivillig arbeid - særleg innan volleyballidretten, og gjort sitt til at mange unge har hatt gode og positive fritidstilbod. Me takkar Harald for heilhuga innsats i over 40 år!

## Sjef i eige liv – og omsorg for kvarandre

I vèl eitt år har noverande styre i Radøy vore i funksjon. Sjølv opplever eg ordførarvervet som eit spanande, lærerikt og travelt privilegium.

**KAN EIN BRUKA** ordet privilegium om det å sitja i styret for ein kommune med svak økonomi? Ja, eg meiner det, - for livet handlar om meir enn pengar. I tillegg brukar me dagleg pengar, som me alle får mykje att for. Radøy har i 2008 eit driftsbudsjett på rundt 145 millionar kroner. Delt på dagane i året, finn me at Radøy kvar dag brukar nær 400.000,- kroner. Det aller meste går til drift av barnehage, skule, helse- og omsorgstenester. Så kommunen brukar pengar, og brukarundersøkingar viser at kvaliteten på tenestene jamnt over er god. Det same viser statlege tilsyn. Men, undersøkingane viser også kor me skal verta betre. Dette skal det og vert arbeidd med, som i ei kvar anna verksemd.

**AV DRYGE** 6 milliardar menneske i verda, så er det å veksa opp og bu i Noreg eit privilegium. Vitjinga frå leiinga i Crihana Veche i Moldova i haust var ei påminning om dette. Det same var reisa til søsterbykommunen vår Fergus Falls i USA. Der fekk me innsyn i eit samfunn, som manglar det meste av det tryggleiksnettet me har, - både for unge og eldre.

**ÅRET SOM LEIAR** i Radøy har bydd på møte med mange menneske, som yter fantastisk mykje for andre, både i privatlivet, på fritida og i arbeid. Eg har også møtte menneske som har nådd store mål, anten det er bronseplass i Paralympics i Beijing, Noregsmeisterskapen for skulekorps, eller mange store og små sigrar i kokurransar eller i kvardagen. Men, eg har også møtt menneske i Radøy, som slit og treng hjelp i livet sitt. Det er ei like stor leiaroppgåve å inspirera dei som lukkast i eige liv, som det er å ha omsorg for dei som treng hjelp. Kommunal omsorg kan aldri erstatta dei nære relasjonane ein har i familie og venskap. Me kan alle kvar dag ha som grunnleggjande haldning å gjera kvarandre gode. Det aukar sjansen for eit godt liv for alle. Slagordet vårt; - Radøy den grønne øya med tryggleik, livskvalitet og trivsel – med det siste vedhønet; for alle, kan på same måten som julesongen "Deilig er jorden" sjåast på både som eit mål, ein tilstand, ei oppfordring eller ei bøn. God jul og godt nyttår, der me arbeider for å gjera kvarandre gode.

JON ASKELAND



# Radøy kommune deltek i kvalitetskommuneprogrammet



Kvalitetskommuneprogrammet skal gjennomførast i tida 1.1.2007 til 31.12.2009 i eit samarbeid mellom staten, KS og arbeidstakarorganisasjonane, og skal bidra til å styrke kommunesektoren sitt omdømme.

Arbeid med programmet er gjort gjennom samlingar sentralt (Oslo), lokalt i kommunen og i nettverk med andre kommunar, i tillegg til eit stort arbeid ute i den einskilde eining.

**Kvalitetskommuneprogrammet** er ei ambisiøs satsing og me har følgjande:

## MÅL for arbeidet:

Å auke kvaliteten og effektiviteten på kommunale tenestetilbod gjennom ein konstruktiv samhandling mellom dei folkevalde, leiarar og tilsette, slik at innbyggjarane får betre tenester. Dette skal gjerast gjennom systematisk arbeid for å redusera sjukefråværet.

Fokus på kvalitet skal gjera måten tenestene vert levert til brukarane betre. Det skal arbeidast med organisering, informasjon, haldningar osv. og resultatet skal vera slik at innbyggjarane merkar ein forskjell.

Fokus er retta mot pleie- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren. Samarbeidet lokalt skal involvere medarbeidarane som møter innbyggjarane. Radøy kommune skal i all hovudsak trekke på eigne krefter, med bistand frå prosjektet sitt innsetsteam og ressursmiljø. Programmet er sentralt tenkt avslutta i 2009 men me vil freista å halde prosjektet oppe i to år lenger enn det sentralt initierte programmet.

Få til dialog, oppfølging og tiltak som får arbeidstakarar med relativt hyppig sjukefråvær eller er i risiko for høgt sjukefråvær, til å kome i arbeid, bli i arbeid og få ei endring i arbeidslivet som gjer ein forskjell for dei sjølv og deira sjukefråvær.

## Tiltak i Radøy

Radøy kommune har ei rekkje tiltak ein har sett i verk og vil setje i verk i arbeidet med kvalitet i tenestene og førebygge sjukefråværet.

Desse er mellom anna:

- Systematisk bruk av
  - brukarundersøking i barnehage, skule og helse og omsorg (mai/ juni)
  - medarbeidarundersøking (okt.)
  - sjukefråvær – utvikling (kontinuerleg – månadleig)

Dette er viktige indikatorar på kommune og einingsnivå som fortel om utviklinga av tenestene, arbeidsmiljø, arbeidsbelastning og sjukefråvær i kommunen.

- Etablere fysioterapi som tilbod til einingane. Trening, førebygging og veiledning
- Tilbod om tilrettelagt trening evt. i treningsstudio til alle kommunalt tilsette i yrkesgrupper og arbeidsplassar som har risiko for belastningslidningar og har nytte av trening som førebygging.
- Vidareføring av opplæring i samspelmetoden Dialog for leiarar og tilsette
- Informasjon/informasjonsdag om rettar og plikter til oss som arbeidstakarar ved fråvær og oppfølging av sjukmelde.

Føremålet med desse tiltaka er å redusere sjukefråværet, og førebygge og redusere risiko for sjukefråvær.

## Salsvarer på Sørvistorget!

- Bygdeboka "Radøy gjennom tidene", bind I og II. Forfatternen av bygdebøkene for Radøy har hausta mykje ros for bøkene.
- Boka "Strileliv". Glimt frå ei svunnen tid på Strilelandet, av Olav Marås m.fl.
- Radøykalender 2009. Radøy mållag sin åravisse kalender, med motiv frå Radøy.
- Ymse artiklar med Radøy "Den grønne øya"-logo på.



Seint ute med julehandelen? Stikk innom Sørvistorget!

**Velkomen til Sørvistorget!**

# Gebyrsatsar og eigenbetaling 2009

## Slam og renovasjon

Representantskapet i NGIR har 27.10.08 vedteke at renovasjonsgebyret må aukast med kr 270,-. Auken på dei einskilde gebyra varierer frå 9,5% til 14,6%. Dei fleste abonnentane vil få ein auke på 10,4%. Årsakene til auken er deponiforbod og auke i personal- og transportkostnader. Gebyra vert som følgjer (alle gebyr er rekna med meir-verdiavgift).

Renovasjon	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-250,-	2.615,-	2.115,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter		2.865,-	2.365,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+250,-	3.115,-	2.615,-
Hytterrenovasjon		1.432,-	

For **slam** har prisane vore dei same sidan 2003, og utjamningsfondet er no brukt opp. NGIR har vedteke å auka gebyret med 20,6% grunna sterk auke i transportkostnadene. I tillegg kjem eit kommunalt påslag på kr 145,- for administrasjon som ikkje vert auka. For slam frå kommunale slamavskiljarar er auken 26,6% pr. m<sup>3</sup>. Gebyret vert då kr 1.066,- og kr 356,- pr. m<sup>3</sup> frå kommunale avskiljarar. Rådmannen rår til at kommunen godkjenner NGIR sine vedtak for gebyr på slam og renovasjon.

## Feiartenesta

Feiartenesta har no 0,9 årsverk. Det vert gjort framlegg om 5% generell prisauke. Gebyret vil då auka til kr 352,50.

## Byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr m.v.

Desse gebyra har ikkje vore auka dei tre siste åra, og vert difor føreslått auka med om lag 10% med unntak for plangebyra som synest liggja rimeleg høgt frå før. Gebyra for ulovleg bygging vert derimot auka kraftig. Gebyrregulativet ligg føre i eige hefte.

## Vatn og avløp

I samsvar med særrekneskapen og føreliggjande planar, vert årsgebyra auka med 20% både for vatn og avløp.

Vatn- og avløpsgebyr	Inntil 90 m <sup>2</sup>	Over 90 m <sup>2</sup>
Årsgebyr vatn	2.111,-	3.960,-
Årsgebyr avløp	2.518,-	4.712,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		942,-
Vassforbruk etter målar (pr m <sup>3</sup> )		15,67
Tilknytingsgebyr vatn (uendra frå 2008)		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		1.122,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m <sup>3</sup> )		18,34
Tilknytingsgebyr avløp (uendra frå 2008)		19.875,-

## Eigenbetaling i pleie og omsorg

Eigenbetalinga vart ikkje auka i 2008. Det vert lagt opp til omlag 5-6%, med unntak for heimehjelp der det vert gjort ein større auke for dei med inntekter ut over 2G. Prisane går fram av tabellen til høgre. Dersom regjeringa fastset ny maksimalsats for heimehjelp (gjeld brukarar med inntekt inntil 2G), vert dei kommunale satsane auka.

Heimehjelp		
G-trinn	Time- pris	Maks pr månad
Inntil 2G	100,-	150,-
2-3G	100,-	750,-
3-4G	200,-	1.100,-
4-5G	250,-	1.500,-
Over 5G	300,-	1.800,-

Tenester ut over primærtjeneste og vaktmeistertjenester	275,- pr time
Mat til heimebuande	Liten porsjon kr 52,- Stor porsjon kr 59,-
- transport av mat	5,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter	88,- pr dag
Tryggleiksalarm	280,- pr mnd

### Husleiger i kommunale husvære/lokale

Desse vert regulert i høve til konsumprisindeksen pr 1.1.2009.

### Foreldrebetaling i barnehagar

Desse vert i samsvar med føringar frå departementet, ikkje regulerte opp og prisen vil framleis vera kr 2.330,- for 5-dagars plass. Kommunen får tilført midlar som skal dekkja "tapet" som følgje av manglande prisregulering.

### Foreldrebetaling i SFO

Satsane vert auka med 5% frå 1.8.2009. Dette for samla å nærma seg sjølvkost for SFO-ordninga i Radøy.

### Eigenbetalinga i Musikk- og kulturskulen

Desse vert auka med kr 100 pr. semester for kurs og kr 10 pr. time til lag frå 1.8.2009, slik prisane går fram av tabellen til høgre. Søsken-/familierabatt vert vidareført med 25%. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset. Det same gjeld elevar som deltek på fleire kurs.

Instrumentalkurs/vokalkurs	1.350,-
Musikkverkstad/aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.250,-
Sal av timar til lag (pr time)	245,-

### Radøyhallen

Prisane for badning i Radøyhallen er heller låge, og det vert lagt opp til heller store auke i desse. For utleige av hall vert justeringa om lag 5%. Kommunen har elles oppgradert skytebanane for ca kr 250.000 i 2008. Leiga for skytebanane vert difor føreslått auka med kr 4000. Følgjande prisar vert gjort gjeldande frå 1.1.2009

Leige av idrettshall/symjehall	220,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Leige av terapibasseng	180,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Klippekort symjebasseng - 20 klipp	300,-
Klippekort symjebasseng - 10 klipp	150,-
Enkeltbillett vaksne	50,-
Enkeltbillett born	25,-
Born under 5 år gratis i følgje med vaksne	
Klippekort terapibasseng - 5 klipp	220,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne	60,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne	
Leige skytebane (pr år)	30.000,-

## Budsjett 2009 vedteke

Kommunestyret vedtok samrøystes budsjett for Radøy kommune 2009. Budsjettet legg opp til ei vidareføring og delvis auke av aktiviteten i inneverande år. Budsjettet er lagt opp med tronge økonomiske rammer, og det vert viktig med god styring gjennom året. Budsjettet kan du lesa på [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)

## Audun Lysbakken møtte Radøy-ordføraren



Audun Lysbakken

Radøy kommune hadde torsdag 20. november møte med stortingsrepresentant Audun Lysbakken (SV) om kraftlinja Mongstad-Kollsnes.

Det var fylkespartiet hans, som sjølv hadde invitert seg til Radøy for å få informasjon og innspel om saka.

Ordførar Jon Askeland informerte om prosessen så langt, og gav råd på kva politikk som burde først framover i Noreg på dette feltet. Ordføraren informerte også Lysbakken om at alle dei fire kommunane Lindås, Austrheim, Øygarden og Radøy krev kabling i heile trasèen, og at kravet om reguleringsplan står ved lag. Det vart informert om at Miljøverndepartement skal samordna og arbeida for samlokalisering av arealbruken i Noreg, men at dette arbeidet er vorte kritisert av Riksrevisjonen. Askeland informerte også om at det var mange såra og trua fugleartar som kunne verta råka av ei kraftlinje her. Det var eit godt møte der også ubåten med kvikksølv på Fedje, som Radøy kommune vil ha opp, vart drøfta.

## Lydia Hoen vann i Oslo



Foto: Egil Hølsli / Norsk kulturskolenett

Lydia HoenTjore (14) fekk heile 24 av 25 poeng poeng og 1. pris under Ungdommens Musikkmeisterskap laurdag 22. november, og vann dermed også sin klasse, songarar i aldersgruppa 13 til 15 år.

Ho måtte difor i elden igjen under prisvinnarkonserten søndag ettermiddag, ein konsert leia av Arve Tellefsen.

Ho vart ikkje plukka ut som ein av dei som fekk stipend, men som premie får Lydia to konsertoppdrag med to

profesjonelle ensemble. Desse er Det Norske Blåseensemble i Halden og Luftforsvarets Musikkorps i Trondheim. I sistnemnde er den kjende trompetisten Ole Edvard Antonsen kunstnarisk leiar.

Dette var ei svært travel helg for Lydia, med songinnslag for Statoil på Hotell Norge fredag klokka 22, nattoget til Oslo, øving med pianist klokka 09 på laurdag og konkurranse klokka 11.

Søndag føremiddag var det ny øving med pianist, før konserten klokka 13. Deretter vart det full fart til flyet slik at ho rakk akkurat konserten med Sæbøs skulemusikklag klokka 18 på Sletta. Radøy kommune gratulerar!

## Vellukka bokslepp på Hella Skulestove

Omlag 100 personar møtte opp på Hella Skulestove for å oververa boksleppet for bygdeboka, Radøy gjennom tidene, bind II.

Og også denne gongen kunne bygdebokskrivar Anders Haugland levera frå seg eit praktverk. Boka er på 720 sider og har eit svært godt biletetilfang.

Marita Halland på tverrfløyte og Jacqueline Chesney på piano, sette oss i den rette stemninga med vakker musikk. Anders Haugland tok oss attende i tida ved å lesa frå den nye bygdeboka. Festsalen på Hella Skulestove var fullsett og alle gledde seg over at bind II var på plass.

“- Skrivninga er som eit maratonløp”, sa bygdebokskrivaren. “- Eg føler alltid at eg burde ha kome lenger, men samstundes er det mange detaljar som skal sjekkast”.

Ordførar Jon Askeland takka Anders Haugland for arbeidet og gav han ein fin blomebukett. Han trudde at boka ville liggja under mange juletre på Radøy i år. “- Super julegåve. Dette er ei bok som alle bør lesa”.

Det er lagt ned eit stort arbeid med fotoinnsamling til boka og fotoansvarleg Jan Helge Soltvedt har gjort at bileta er klare og fine for auga. Ingvild Brattetaule og Jacqueline Chesney spela ein vakker blokkfløyte-duett til stor glede for dei framømte seinare på kvelden. Mange kjøpte boka og latter sat laust etter kvart

som dei gode historiane frå boka kom fram. Alt i alt ein god kveld på Hella Skulestove.

Før ordføraren sette strek og takka for framømte, vart det også tid til å nyta eit godt måltid mat, og “drøsen” gjekk godt rundt borda.



Marita Halland leverte vakre fløyteonar

## Biblioteket heim i stova!



Har du lyst på ein tur i biblioteket, men har vanskar med å komma deg dit? No kan biblioteket komma heim til deg, der du bur!

Frå slutten av november satsar Radøy bibliotek på ei ordning der biblioteket dreg heim til folk som grunna sjukdom, ulike funksjonsvanskar eller anna, ikkje kan komma seg til biblioteket på Manger. Tilbodet går ut til alle som har trong for det, uavhengig av alder.

### Kva biblioteket kan tilby

Ordninga vil innebere at personale frå biblioteket, etter avtale, kjem innom ein tysdag kvar månad på føremiddagstid. Dei kan då ha med seg bøker, blader, teikneseriar, filmar, lydbøker, musikk eller anna som lånarane er interesserte i. Lånetida er vanlegvis ein månad, men denne kan biblioteket gjera lengre om det trengst!

Om du liker bøker, men ikkje vil eller kan lesa sjølv, kan bibliotekaren lesa høgt for deg! I biblioteket finst mykje spennande stoff både av nyare og eldre dato!

### Korleis komma i gong

Skulle du få lyst til å ta del i den nye ordninga kan du ta kontakt med Radøy bibliotek.

Ring oss på tlf. 56 34 91 13 eller mobil 47 02 63 35. Får du ikkje svar på nokre av numrene, ring Sørvistorget tlf. 56 34 90 00.

Du kan og skrive mail. Då er adressa: [biblioteksjef@radoy.kommune.no](mailto:biblioteksjef@radoy.kommune.no)

## Ny ballbinge i Austmarka

Onsdag 3. september opna ordførar Jon Askeland ny ballbinge i Austmarka. Ballbingen er finansiert av spelemidlar, sponsormidlar og mykje dugnad.

Ballbingen er plassert ved den nye skulen i Austmarka. Mykje folk hadde møtt fram og ei gruppe frå Sæbø skulemusikklag underheld. Morgan Taule frå FAU fortalde om byggearbeidet. Rektor ved Sæbø skule helsa frå skulen og takka for godt samarbeid med FAU. Ordførar Jon Askeland stod for den offisielle opninga og istaden for å klippe snor, så "dunka" han inn eit basketballpoeng. Så snart ordføraren hadde føreteke opninga, vrimla det med ungar i bingen. Etterpå kunne FAU by på kaffi og kaker.



# Kulturprisen 2008 til Kåre Håland

Salen på Hella Skulestove var fullsett søndag 23. november då ordførar Jon Askeland kunne dela ut Radøy kommune sin kulturpris til Kåre Håland.

Visematinè med Evert Taube sitt liv og viser var ramma kring utdelinga av den 24. kulturprisen i Radøy.

## Auka sjølvkjensla

- Kulturprismottakaren 2008 har utvida horisontar og auka sjølvkjensla hjå mange radværingar. Mange vert glade over årets kulturprismottakar. Mange er glade i og takksam for årets kulturprismottakar, slo ordføraren fast.

Kåre Håland kan sjå attende på eit langt virke som kulturarbeidar. Mange hugsar dansebandet Røyseths kvartett midt på 60-talet og TV-program med Børt Erik Thoresen. Han var og medlem av dansebandet

“Seimsvingjen”, og no i dei seinare åra fleire visematinèar med lokale musikkarar. Eigne innspelningar har det og blitt.

- Det gjer godt at nokon set pris på det eg gjer. Då vert ein motiverert til vidare arbeid, seier han.

Heime kosar Kåre seg med musikk, og komponerer litt sjølv. Tidleg på 80-talet skreiv han fleire musikkspel

for Manger Folkehøgskule. No har han pensjonert seg etter mange år som lærar på Manger Folkehøgskule, og seinare Manger skule.

Med ei sjølvkomponert vise kvitterte Kåre Håland for prisen med ei vise om det å vere Radværing og “stril”.

**Hjarteleg til lukke, Kåre !**



Frå venstre kunstnar Jon Petter Havnerås, kulturprisvinnar Kåre Håland og ordførar Jon Askeland.

## Tur til Kypros

16. oktober reiste 37 sol-hungrige strilar til varmare strøk. I år gjekk turen til leilighetshotellet Paramount, 2 km. frå Fig Tree Bay. Litt usentralt, syns nokre, men fint og komfortabelt hotell.

For dei som var morgonfuglar, starta dagen med ein times spasertur. Etter frukost var det trimaktivitetar. Øvelsane var lagt opp slik at alle kunne vere med, enten ein var på plenen, eller ein ville sitja på ein stol å trimma derfrå. Påfylgjande Boccia var og ein aktivitet som engasjerte mange.

På dagtid var det rikeleg med tid til soling, - nokre gjekk på stranda andre held seg ved bassengkanten. Det vart og arrangert dagsturar for dei som ville sjå seg om på øya.

På ettermiddag var det Seniordans, eit populært tiltak både for dei som kunne litt frå før og for dei som var nye.



Handlepause i Klosterhagen



Morgontur langs stranda

Etter middag var det som oftast underhaldning der lokale artistar underheldt. Me hadde og “syng med oss” og dans på kveldstid.

Dei siste fem åra har Frivilligsentralen i samarbeid med Vitaltour arrangert tur til Kypros. Målet er å gje dei reisande ein tur der helse, trivsel og tryggleik står i fokus.

Vitaltour stiller med guidar og helsepersonell. Dei har vaktplan som gjer at det er sjukepleiar tilgjengeleg heile døgnet, om noko akutt skulle oppstå. Guidane har og ansvar for dei ulike trivselstiltaka. Til no har om lag 175 personar nytta tilbodet frå oss.

Positive tilbakemeldingar og aukande interesse, gjer at me vil satse på ein ny tur neste år. Reisemål og målgruppe, er noko av det me skal evaluere etter at ei brukarundersøking er gjennomført.

LAILA SEILFALDET PLETTEN

# Juleavslutning

## Sæbø skule 2007

-Kva gjer vi med juleavslutninga på skulen når forsamlingslokalet ikkje finst?

Ny problemstilling for oss når anleggsarbeidet til nyeskulen starta, men løysinga lot ikkje venta på seg.

- Vi er ute, nett som når vi har ute-skule, var svaret frå dei tilsette. Vi kan bål, utejuletre, kakao, gløgg og graut. Alle kler seg etter vêrtilhøva. Vi går rundt juletreet. Kva med faklar? Fakkeltog?

-Men veret?

-Vi er jo vestlendingar! Det finst ikkje dårleg ver, berre dårlege kler!

Som tenkt så gjort. FAU organiserte bål og servering. Faklar vart kjøpt inn, ein for kvar unge, dei vaksne som var med måtte ta ansvar for den. At skuleplassen var omkransa av anleggsgjerde var heilt perfekt. Gjerdet fungerte som fakkeltativ. Ei stor og flott julegran vart skaffa, men kva om det vert vind. Ein vanleg juletrifot held ikkje, men med store gravemaskiner i området løyste vi det med å grava ned eit stort sementrøyr midt på ballbana. Stødigare juletrifot finst ikkje.

### Vêrgudane sto oss bi

Kvelden kom, opphaldsvêr, vindstille rundt 0 grader. Skuleplassen var omkransa av eit fakkeltgjerde, og midt på plassen den flottaste julegrana ein kan tenkja seg.



Enkelt program:

- song av elevkor
- gang rundt juletreet
- skulemusikken sørga for fin stemning
- gløgg og kakao, grauten vart droppa, god tid til å prata
- og til slutt fakkeltog ein runde i Austmarka.

Rundt 300 store og små hadde hatt ein flott førjulskveld.

"*Dette må de gjera kvar jul framover*", var kommentaren frå fleire av foreldra og elevane.

Så i 2008 vert det "same prosedyre as last year". Og kven veit, kanskje vi held fram vidare sjøl om vi neste år har kjempeflott festlokale innomhus.

God jul til alle frå oss på Sæbø skule.

**UKM** 2009  
UNGDOMMENS  
KULTURMØNSTRING

Radøy kommune byr inn alle ungdomar mellom 10 og 20 år til å delta i "Ungdomens kulturmønstring 2009".

Alle kan delta, åleine eller saman i ei gruppe. *Mrk! Dei som kjem vidare til landsmønstringa må vera over 13 år.*

Mønstringa er open for aktivitetar som td. *song og musikk* (ikkje korps), *teater, dans, biletkunst, kunsthandverk, opplesing, film, video, foto.* *Det er inga påmeldingsavgift.*

Radøy kommune vil også i år, saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden og Meland, halda mønstring søndag 25. januar 2009 i Austrheim samfunnshus.

Dei som vil vera med, må melda seg på til Radøy kulturkontor innan 15. januar 2009. Du kan og melda deg på Internett på adressa [www.ukm.no](http://www.ukm.no) eller på Sørvisorget på Rådhuset.

"Ungdomens kulturmønstring 2009" er ikkje ein konkurranse der det skal kårast "den beste", men ei mønstring som skal visa fram mangfaldet i aktivitetar, i alder, interesser osv. Eit utval frå den lokale mønstringa får tilbod om å vera med på fylkesmønstringa i Grieghallen 18. og 19. april 2009. Der vert det valt ut deltakarar frå heile Hordaland til landsmønstringa i Trondheim i mai.

Spørsmål/påmelding til:  
**Kulturkontoret i Radøy,**  
Krossvegen 8, 5936 Manger  
tlf. 915 49 660  
E-post: [rune.rydland@radoy.kommune.no](mailto:rune.rydland@radoy.kommune.no)

## Pengegåve til Frelsesarmeen

I staden for å senda ut julekort i år har Radøy kommune vald å gje ei pengegåve til Frelsesarmeen. På denne måten vil me takka alle innbyggjarar og samarbeidspartnarar for året som har gått, med ynskje om ei fredfylt julehelg og eit riktig godt nytt år!



# Nytt busenter i Radøy kommune frå 1. oktober 2008

Helse Bergen skriv i løpet av hausten 2008 ut pasientar som har vore innlagt i psykiatriske institusjonar over lang tid, med tanke på at dei skal få komme tilbake til eigen kommune og få sin eigen bustad.

Kommunane i Nordhordlandsområdet er relativt små, og har derfor valgt å samarbeide om eit busenter. Vi meiner dette vil føre til eit godt fagmiljø/arbeidsmiljø og skape ein god stad å bu for brukarane.

Dei som i dag samarbeider om dette tiltaket er Osterøy kommune, Vik kommune og Radøy kommune. Radøy er vertskommune og står dermed for leing, drift og har også arbeidsgjevaransvar for tiltaket.

Busenteret ligg på Manger. Radøy kommune leiger ein fløy av bygget som før var gamle Radøy sjukeheim, som Helse Bergen eig. Heile fløyen er pussa opp, bebuarane har kvar sin eigen leilighet med kjøkkenkrok og bad. I tillegg er det 2 fellesstover, 2 felleskjøkken og felles vaskerom til disposisjon for bebuarane, alt i ny og moderne stil.

Vi har ansatt husmor, som er kokk og lager all mat på busenteret, dette er for å skape eit heimekoseleg miljø og hjelpe bebuarane til å trenne på huslege sysler.

I tillegg har vi valgt å innføre medlevar turnus, det betyr at delar av personalet jobbar i perioder på 2 døgn i strekk, for så å ha fri 7 døgn. bebuarane opplever då eit miljø som

gjer mindre assosiasjoner til institusjon, og som liknar meir ein heim, ved at dei ansatte bur der, lagar og har måltid saman, følger opp aktivitetar og søv der.

Busenteret har vore i drift litt over ein måned, og eg har spurt nokre tilsette og bebuarane om deira erfaringar så langt:

Geir Modahl Bakke seier han syns vi treng fleire langtids-plassar, og at han er fornøyd med tilbodet han har fått ved busenteret.

Hjelpepleiar Tone Frøyset, (som før har jobba på Tertnes DPS) oppsummerar sin første måned i den nye jobben som veldig positiv. Ho er nøgd med den nye turnusen, som gjer moglegheiter for å verte kjend med bebuarane på ein annan, meir nær måte. "Det vert nesten som ein ny storfamilie med felles måltider og tv-kos om kvelden."

Ho vil òg legge til at ho har fått eit særst godt inntrykk av Radøy kommune, som arbeidsplass og med flotte omgjevnader. Svært hyggelege og imøtekommande radværingar både på butikken, bensinstasjonen, biblioteket og på gata. "Eg gler meg til sommaren, då skal eg utforske øya nærare saman med bebuarane", seier Tone smilande.



Tone Frøyseth



Geir likar seg godt i TV- stova. Her sit han saman med leiar for busenteret, Aase Frammarsvik.

## Kriseteamet i Radøy Kommune

Radøy kommune har som målsetnad å kunne tilby personar og grupper hjelp til å meistre akutte kriser når dette oppstår.

Leiar for kriseteamet er psykiatrisk sjukepleiar Kaolina Vakskjold. Teamet er elles samansett med personell frå helse og sosial, prest og politi.

Med krise forstår ein brått/uforutsett dødsfall, alvorleg eller anna sterk påkjenning som fylgje av: Sjølv-mord, drap, trafikkulykke, arbeidsulykke, andre ulykker (brann, drukning), personar som blir borte, ransoffer, krybbedød, bråe dødsfall barn/unge, fengsling/soning.

Informasjon om kriseteamet finn ein på Radøy kommune si heimeside. Kommunen har også formidla liste over medlemene i kriseteamet til Nordhordaland legevakt og brannvesen slik at teamet kan nås når det er naudsynt.

Kriseteamet har inga vaktordning og ein må difor kanskje ringe fleire telefonnummer før ein oppnår kontakt. Kontaktlista er satt opp i prioritert rekkefylgje.

## Nye tider på sjukeheimen

Institusjonstenesta i Radøy er i desse dagar i full fart på veg inn i ei ny tid. Etter ei roleg julefeiring på Hordabøheimen og på Velferdssenteret, vil dei første 14 dagane på nyåret vere heilt og fullt vigde til overflytting frå Hordabøheimen til nye Velferdssenteret. Kanskje kan vi då òg avsløre det nye namnet...?

Vi har rundt 20 bebuarar og 30 tilsette som saman med sengetøy og kommodar, bilder og blomstervasar, bandasjar og nattbord skal ta vegen fatt til den nye flotte sjukeheimen på Manger. Dette vert ei omfattande øving i planlegging, logistikk, pågangsmot og samarbeidsevne, her er mykje å tenkje på, og mange brikker som skal dette på (helst riktig) plass i puslespelet. Vi ønskjer å ta med oss det beste frå begge institusjonane på vegen vidare, både når det gjeld kultur, kompetanse og atmosfære.

Den eksisterande delen av Velferdssenteret vert òg delvis pussa opp, slik at vi skal få ein flott sjukeheim i alle endar. Bebuarane får rom etter kva behov dei har, vi skal ha 2 avdelingar for demente, rehabiliterings-/korttidsplassar, samt plassar for langtidspleie.

Vi glødar for den nye tida som kjem, og gler oss til å gje både bebuarar og tilsette nye, fine lokale. Vi har eit godt samarbeid med pårørande, frivilligsentralen og dei frivillige organisasjonane i Radøy, og dei tilsette gler seg òg til å kome i gang.

Den tredje desember hadde vi omvisning for interesserte i Radøy kommune, og det var ein stolt ordførar

som kunne vise rundt i dei flotta lokala vi snart skal få ta i bruk. Åsane Byggmesterforretning AS gjennomførte bygginga etter planen, og kommunen overtok bygget den 07.11.2008.

Då vil vi ønskje innbyggjarane i Radøy ei god jul og eit godt nyttår, og alle involverte ein riktig god flytteprosess!



Foto: Nordhordland avis

## Ny kommuneoverlege frå 1. januar 2009

Radøy kommune har fått ny kommuneoverlege og Grethe Fosse i frå Alversund har takka ja til jobben. Rådmann Christian Fotland seier han er glad for endeleg å ha fått på plass kommuneoverlegen.

Ola Jøsendal har sagt opp, og ny kommuneoverlege er på plass.

Grethe Fosse skal arbeide som kommuneoverlege i 60% stilling. Hovudoppgåva i starten vert å innføra nye gode rutiner i dei to nye institusjonane i Radøy kommune. Radøy interkommunale busenter og Velferdssenteret. Radøy kommune ønskjer Grethe hjarteleg velkommen.

### Nytt frå Radøy i Nordhordland Avis!



Frametter vil all offentleg informasjon frå Radøy kommune verte presentert i heilsides annonser i Nordhordland Avis. Her vil du finna offentlege kunngjeringar, opningstider, informasjon om ledige stillingar, presentasjon av kommunen sine kulturarrangement og anna nyttig informasjon.

Annonseren er utforma av Konvoi, den er lett å kjenna igjen, med same stil som i Radøy Nytt og med dei same fargane som ein finn i kommunen sin logo.

## Opning av AUFERA

Tysdag 9. desember opna AUFERA-huset på Manger. AUFERA er forkorting for dei to første bokstavane i AUs-trheim, FEdje og RADøy, og er ei heilt vanleg verksemd, tilpassa menneske som treng litt tilrettelagt arbeidsplass.



Hildegunn Monslaup (til venstre) og Oddrun Helgø i AUFERA. Foto: Ketil Tjore, Avisas Strilen.

AUFERA driv verksemd i alle tre kommunane, og har no fått sitt eige produksjonslokale og hovudkontor på Manger.

Dagleg leiar Kari Smith gav ei god orientering om etableringsprosessen for AUFERA og den gode prosessen med etableringa av sjølve huset, som opna i går. Tilsette frå alle tre kommunane klypte snora, før gjestene fekk ei omvising og orientering om verksemda. Hovudproduksjonen er vaskeri og matproduksjon, i tillegg utfører ein eindel kyrkjegardsarbeid. Det var stor glede over å få høyra at AUFERA får vaskeritenestene for Nordliheimen. Dermed sikrar ein betre drifta i det topp moderne vaskeriet, - som også stettar hygienekrav for institusjonar. NAV er ein viktig støttespelar for AUFERA, og dei har vore ein god pådrivar heile vegen. Under opninga fekk ein orientering om at AUFERA er plangd med 10 tilrettelagde arbeidsplassar, men NAV ønskjer fleire. Det høyrer såleis til dei meir sjeldne opningane, at dagleg leiar kunne orientera om utvidingsplanar dei har for å utvida tenestene, og å tilby fleire arbeidsplassar.

Radøy kommune gratulerer AUFERA, og me er sikre på at AUFERA også er positivt for samarbeidet mellom kommunane.

## 6 stjerner til Radøy kommune



Sørvistorget har arbeidd godt med utvikling av heimesida. Frå v. Monika Gabrielli, Lin Tove Thomassen og Ingvild Kalnes.

**Kvart år vert alle offentlege nettstader kvalitetsvurdert. I år vart nærare 700 statlege og kommunale nettstader vurdert og [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no) fekk, som ein av 20 nettstadar i landet, full pott i antal stjerner.**

Evalueringa er føreteke av Norge.no, Vestlandsforskning og Alethia, ut i frå kriteriar som tilgjengelegheit, brukartilpassing og nyttig innhald. Kvalitetsvurderinga er eit ledd i å

synleggjere kvaliteten på dei offentlege inter-nettsidene og for å stimulere til å auke kvaliteten på dei offentlege elektroniske tenestene. Etter at kommunen fekk nye nettsider 1. november 2007 har vi hatt fokus på utvikling av sidene for at våre innbyggjarar m.fl. skal ha eit døgnope sørvistorg. Me er stolt og glad for at vi har gått frå 2 stjerner til full pott på 2 år. Besøktala på våre nettsider er aukande, vi satsar på å bli enno betre i framtida og har ei klar oppmoding til alle; **Bruk våre!**

## Førskulegruppa i Prestmarka barnehage

I år har me i Prestmarka barnehage for første gang klart å starta opp med førskulegrupper på tvers av alle avdelingane våre. Me har mangan førskuleborn i år, 23 stk i alt. Me kan difor ikkje ha alle sammen samlet. Men me har to grupper kvar 14. dag på ca 11 og 12 born. Borna liker det svært godt. Dei gler seg til da er deira tur. Det er stas å vera størst i barnehagen. Alle har kvar sin perm der dei set inn arbeide dei gjer. Og den vert stolt vist fram til dei andre på avdelinga.



### RADØY KOMMUNE

Krossvegen 8 – 5936 Manger – Telefon sentralbord: 56 34 90 00 – Telefax: 56 34 90 01

E-post til Radøy kommune: [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

E-post til ordfører Jon Askeland: [jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)

E-post til RadøyNytt redaksjonen: [rune.rydland@radoy.kommune.no](mailto:rune.rydland@radoy.kommune.no)

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)



**RADØY**  
den grønne øya